

Kva tyder SLUSH?

10.11.2014



Sundagsskulen har hatt SLUSH-kurs og kva er det montru?

Jo, det tyder hjelpeleiarkurs og her er fasiten:

S er sprell, **L** er levande, **U** er unge, **S** sundagsskule og
H er hjelparar. Sjefen for sundagsskulen i Sunnhordland og
på Haugalandet Elisabeth Fauskanger
hadde kurset som det deltok 3 jenter og 3
gutar i. Dei er frå 4. til 6. klasse.

Elisabeth stilte med slushdrikk i starten - som styrkedikk. Det var ein blanding av lollipopis og eplejuice.

Deltakarane vart spurt om kva dei likar best å gjere. Fotball, handball, dans og tur med familien var nokre svar.

Kva er du god på var eit anna spørsmål. Samle underskrifter, for å bli kjent med kvarandre var nokre svar. Så lærte dei litt om Bibelen og å bli litt betre kjent med seg sjølve via leik og samspel.

Andre dagen fekk dei høyra om dei første kristne og korleis dei hadde det.

Elisabeth gjekk igjennom ulike formidlingsmåtar av ein tekst og vi såg kva hjelpeleiaren kunne bidra med

På biletet er dei 6 diplom-hjelpeleiarane som enten er med eller byrjar i sundagsskulane på Husnes, Uskedalen og Seim. Foran står Ruth Maria, Joacim og Niklas. Bak står ein frå Rosendal og 2 frå Husnes.

Tekst og foto: Nelly Kjærland
Nett: Ola Matti Mathisen